

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke:

Lis - Frøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Heimskraud

Emne:

Nr. 3

Bygdelag:

Oppskr. av:

Lous Skogstad

Gard:

(adresse):

Heimdal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

1. Stein(ei) å heine. ^{SVAR}
2. No helst av kunststein. Eis av naturleg stein, som ein freista å slipa ründ og spissare til hae endar, hjuttast på midten. Dei kjøpte dei som regel i byen. Ingen så vidt eg veit, dreiv forreiding med dette.
3. Som regel ja. Ein har nok bruka berre hein til barberknivar og slik, og da helst fuktet med olje. No er barberknivar mykje gått av bruk, og ein kvesser dei ved å stryke dei på ei lærreim. Når dette ikkje nyttas lenger, er ^{det} så mange skjarsliparar som fer omkring i bygdene, eller ein tek kniven med seg til byen og får ein barber til å vøla om den.
4. Nei. Her har dei så langt minnet rett for gamle folk, stött slipt læu og skjær og etterpå heina (første gong for å taka vekk "roa"). Slipeljær har i alle fall vore bruka i 100 år.
5. Her har allveg vore bruka ründe steinar. Nokke avna har eg aldri høyrd tale om. Slipesteinen stod alltið heime, og læu (ljaarne) vart slipa fyrr deg gjikk inn og ut. Kararne gjikk litt hietegare frå slättelaggen enn breitlefolket. Steinen var lagt i ei

2
"Krekke", auker med fire fotar eller i
to stokkar som var reist mot ein vegg.
Lil innhakk for slipsteinasen med ei
fjal over. Stasen var først av tre, men seinare
av jern. Låg steinen i ei firfota "Krekke",
er det seinare ^{til} kjøpt lags - ei skive med to
rullar oppi - som åsen ligg i. Til snurning
bruka dei "ljüre" (ljära), seinare "gris".

6. Dette kom mykje au på kor pass kar
skiltakaren var til å "sløyke" ljæen sin.
Var min kjendte hule dagen på slotteligen
utan å slipe, medan andre måtte slipe
mindst ein gong for "okta". Det kunde
jo råde til at ein "steinhogg", så ein av
den eller annan gyldig grann måtte
slipe tiare. Men det var som regel ei
skam å slipe midt i okta. Liksom det
også var stor skam å tape "skär".

7. Dette har eg aldri høyrd omtala av gamle
folk.

8. Ljæen sit alltid fast i orvet under slipinga.
Det kunde henda fyrste gongen, medan dei
heldt på å herda ljæen at dei prøvde slipe
utan orv. Når dei herda ljæen, linda
dei ei ljürule ~~er~~ rundt ljæen og sette
eld på. Some lides kunde det verka for
mykje og some lides for lite. Var ljæen
berre liligrann for hard, gjorde det mon
å slipe på turr stein.

9. Sluttaro har ikkje vore brukt her, så vidt
eg har høyrd tale om. Langorvet setler
ein i jorda og held ljæen med vinstre
handa i hoveleg højde. Med høgre handa
fører ein steinen fram og tilbake på

gynse side av egga, helst bratt meire på under-enn oversida av ljæen. Skulde arve glide unda - i bratt bakke s.d. - kunde ein vera uehellig nok til å stjæla seg. Var steinen i støttaste laget, eller det kunde vera andre ueheld, så ein skar peikefingeren - den var mest utsett - so blod kom fram, tok ein „ljåmisa“, og da hadde ein spilet rettene sin til å få slåtlegant.

10. Hos oss kalles koppen som steinen er i, for „stromp“. Den var oftast svarva ut av eit heilt treslikke med eit par jærnringskving, ein midt på og ein ved øvste kanten. I den var ein krok eller hespe av jærn.

11. Denne kroken eller hespa krökke ein så på og knivrima. Dei fleste hadde strompen hengende

12. midt framme, men some hadde den og ^{midt} bak.

Heldri eller spildan såg eg eller høyrde snakke om at dei festa strompen på sia.

Stromp laga av horn har eg ikkje høyrd sjeli.

13. Strompen måtte vera vasslett, så steinen var fuktig når den skulde brukast.

14. 15, 16, 17 og 18 er ting som eg ikkje har høyrd sjeli her i bygdene.

19. Ein slapp å spjåle på steinen når den sløtt stod i vatn i strompen. Heude det at steinen var tvær, drog dei den i dogga eller spåtta på den, men noko ord- eller uttrykk med det same har eg ikkje høyrd.

20. Noko rim eller ramse ek helbs ikkje kjend på desse kanten.